

Arkiv:
JournalpostID: 19/2234
Saksbehandlar:
Dato: 29.11.2019

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
006/19	Ungdomsråd	27.11.2019
004/19	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	02.12.2019
008/19	Eldreråd	02.12.2019
009/19	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	03.12.2019
	Alver kommunestyre	

Kommunale tilskotsordningar til kultur, idrett og friluftsliv

Vedlegg i saken:

29.11.2019 Retningslinjer for kommunale tilskotsordningar til kultur idrett og friluftsliv 1329487

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner retningslinjer for kommunale tilskotsordningar til kultur, idrett og friluftsliv slik dei ligg ved saka.

Vedtak som innstilling fra Ungdomsråd - 27.11.2019
Saka tatt til orientering, ingen merknader

Ungdomsråd 27.11.2019:

Behandling:

Saka tatt til orientering, ingen merknader

UR- 006/19 Vedtak:

Saka tatt til orientering, ingen merknader

Eldreråd 02.12.2019:

Behandling:

Avdelingsleiar Marian Guddal Hansen orienterte i saka og svara på spørsmål.
Eldrerådet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ER- 008/19 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner retningslinjer for kommunale tilskotsordningar til kultur, idrett og friluftsliv slik dei ligg ved saka.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 02.12.2019:

Behandling:

Orientering til saka v/Mariann Guddal Hansen-avd.leiar Kulturutvikling, idrett og frivilligheit
Ingen merknader, samrøystes.

RMNF- 004/19 Vedtak:

Uttale i RMNF -02.12.2019:

Ingen merknader.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 03.12.2019:

Behandling:

Orientering til saka v/Eirik B. Utne-kultursjef:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 009/19 Vedtak:

Innstilling frå Utval for Oppvekst, kunnskap og kultur - 03.12.2019:

Kommunestyret godkjenner retningsliner for kommunale tilskotsordningar til kultur, idrett og friluftsliv slik dei ligg ved saka.

Saksopplysninger:

Samandrag

Retningsliner for kommunale tilskotsordningar til kultur, idrett og friluftsliv ligg føre. Formålet ved tilskotsordningane er å stimulere til utvikling, bidra til føreseieleg drift og sikre gode lokale aktørar i dei varierte og sterke lokalsamfunna i Alver. Tilskotsordningane skal vere tilpassa lokale tilhøve, skape føreseielegheit og likebehandling, treffe breidda av kulturfeltet i Alver, vere tydelege i sine prioriteringar og vere enkle å forhalde seg til. Med tilskotsordningane søkjer ein å treffe det mangfaldige og rike kulturlivet i Alver, med omsyn til frivilligheit, aktivitet og barn og unge, og vidare skape møteplassar og kompetanseutveksling mellom amatørkulturlivet og profesjonelle/delprofesjonelle lokale kulturaktørar.

Bakgrunn

Dagens tre kommunar har alle tilskotsordningar (kulturmidlar) til aktivitet, prosjekt og drift innan det breie kulturfeltet. Tilskota er sentrale verktøy for å stimulere utvikling, bidra til føreseieleg drift og sikre gode lokale aktørar i i Alver.

Som del av organisasjonsprosjekt kultur vart tilskotsordningar innan kulturfeltet identifisert som ein kritisk faktor i bygginga av den nye kommunen, både for å sikre at ein har ordningar klare til 2020 og for i størst mogleg grad skape ein god og føreseieleg overgang for lag og organisasjonar i Alver.

Arbeidet har tatt utgangspunkt i intensjonsavtalen: *Den nye kommunen vil byggja vidare på og stimulera det lokale mangfaldet som er av frivillige lag og organisasjonar innanfor kultur og idrett.*

Vidare skal vi ha respekt for kvarandre sine tradisjonar, kulturar og sterke eigenskapar, ta

med beste praksis og byggje vidare på felles identitet og kultur. Vi skal involvere innbyggjarar, ha likeverdige tenester og digitalisere dialogen med innbyggjarane. Organisasjonsprosjektet kultur har ei arbeidd med temaet langsiktig sidan februar 2019. Først ved å kartlegge dagens situasjon og arbeidsprosessane knytt til handsaming av tilskotsordningane, og sidan ved eit større medverknadsmøte der lag og organisasjonar frå heile Alver jobba i arbeidsgrupper. Vidare vart det gjennomført ei større opinionsundersøking på kulturfeltet, som ga peikerar for temaet. Tilskotsordningane som ligg føre har vorte utarbeidd hausten 2019.

Vurdering

Tilskotsordningane som ligg føre i saka har mål om å vere tilpassa lokale tilhøve, skape føreseielegheit og likebehandling, treffe breidda av kulturfeltet i Alver, vere tydelege i sine prioriteringar og vere enkle å forhalde seg til. Ein har i forarbeidet søkt å redusere administrativ arbeidsmengde, skape gjennomsiktighet for søkjarar og førebu for framtidige og forbetra digitale søknadssystem. Vidare søkjer ein med tilskotsordningane å treffe det mangfaldige og rike kulturlivet i Alver, med omsyn til frivilligheit, aktivitet ,barn og unge, nye innbyggjarar, kompetanseutveksling og utvikling av kulturfeltet.

Alver venter seg kring 500 søknadar i året, innanfor svært mange felt, frå ulike delar av kommunen og frå lag og organisasjonar av ulik storleik og kompleksitet. Tilskotsordningane som ligg føre tek omsyn til behova for effektiv sakshandsaming i eit føreseieleg årshjul, og legg til rette for at ein òg i Alver har kapasitet til god og tett oppfølging av det store mangfaldet av søkjarar, driftstilhøve og prosjekt.

Opinionsundersøking kultur i Alver

Respons analyse gjennomførte i mai 2019 ei opinionsundersøking med 1 000 respondentar frå Alver. I undersøkinga kom det fram at deltakinga i lokalt kulturliv er svært høg, der berre 14% svarte at dei ikkje deltar i det heile. Respondentane oppgjer at hovudårsakene for at dei deltek er sosialt fellesskap, interesse, å bidra til lokalsamfunnet og eit ønskje om å skape ein forskjell.

Av dei som ikkje deltek er hovudårsaka manglande tid. Tilskotsordningane som ligg føre tek omsyn til desse innspela, som eit bidrag til sterke lokalsamfunn med sosiale og kulturelle møteplassar.

I undersøkinga vart respondentane spurt om kva Alver burde prioritere. 3 av 4 peika på tilbud til barn og unge, mens kring 2/3 peika på økonomiske støtteordningar, tilbud til eldre, kollektivtilbod og gangvegar. Vidare svarte ein betydeleg del at ein burde satse på tilbud til vaksne, kulturlokale og møteplassar. Kring halvparten av respondentane har ei forventning til at kommunesamanslåinga vil verke positivt på kulturtilbodet. Tilskotsordningane som ligg føre tek omsyn til forventingane frå innbyggjarane, med satsing på barn og unge, eldre, breie kulturtilbod til alle innbyggjarar, kulturlokale og sterke ordningar som vil støtte oppunder lokalt kulturliv. Den kulturelle skulesekken og -spaserstokken er vidare ein viktig del av totalbildet for aktivitet blant barn og eldre.

2/3 av respondentane ønskjer i første rekkje å orientere seg via digitale flatar, mens for mange er tradisjonelle kanalar ennå ønskjelege. Søknadssystemet er i dag digitalt, men ikkje særleg utforma for formålet. Eit framtidig søknadssystem vil forenkle prosessen for søkjarane. Samtidig vil ein fortsetje å få ut informasjon gjennom tradisjonelle kanalar, og sørgje for at innbyggjarrettleinga og kulturadministrasjon er godt rusta til å ta mot spørsmål og rettleie søkjarane.

Medverknadsmøte

Lag og organisasjonar frå heile Alver var samla til eit arbeidsmøte i mai 2019, og deltakarane rullerte

mellom arbeidsgrupper med ulike tema.

For temaet *Kva ønskjer du/kva behov har du*, peika deltakarene jamt over på at ordningane måtte vere enkle, og at ein måtte kunne søkje driftstilskot, særleg sidan eksterne ordningar stort sett er retta mot ein skilde prosjekttilskot. Vidare peika deltakarane på behov for støtte til meirkostnadar, vedlikehald, utstyr, rimeleg leige av lokale, møteplassar og kurs/opplæring. Det var vidare tydelege innspel på at Alver burde leggje til rette for støtteordningar særleg retta mot lokal høgkompetanse og talentutvikling.

For temaet *Kva er viktig for deg som søker* peika deltakarane jamt over på gode og enkle retningsliner, behovet for ein søknadsportal der dei kunne følgje prosessen, langsiktig føreseielegheit og gjennomiktig prosess.

Då deltakarane vart utfordra på *tilhøva mellom drift, prosjekt og investering* ønskte dei raskare handsaming tidlegare på året, driftsstøtte som grunnlag for aktivitet, meirkostnadar ved organisasjonsdrivne hus og behovet for støtte til einskilde arrangement.

Deltakarane vart òg spurt *Kva er viktigast for kultur- og samfunnslivet i Alver*. Innspela strakk seg frå gode møteplassar, desentraliserte tilbod, gratis leige av lokale og symjetilbod, til inkludering, identitet og kulturvern. Vidare burde Alver prioritere tydeleg i tilskotsordningane, framfor å tildele for breitt. Barn, unge og ferietilbod vart peikt på som viktig, vidare fokus på mangfald og tilflyttarar, og behovet for fleire og betre kulturlokale.

Innspela frå medverknadsmøtet er tatt omsyn til i tilskotsordningane som ligg føre, mellom anna når det gjeld gjennomiktigheit og enklare prosess, tydelege prioriteringar og sterke lokale organisasjonar som ankerfeste og grunnlag for mangfald av aktivitet.

Vidare er anleggsstrategi for Alver 2020-2024 styrande for prinsipp knytt til tilskotsordningar innan idrettsfeltet.

Tilskotsordningane har følgjande inndelingar:

Idrett og friluftsliv

Musikk

Kunst, scene og kulturformidling

Kulturvern og samlingar

Andre kulturaktivitetar

Stipend og kulturprosjekt

Inndelingane vil vere retningsgivande for kva for felt søknadane kan hamne innunder, og kva for rammer retningslinene vil verke innanfor.

Idrett og friluftsliv omhandlar fire ordningar. Tilskot til aktivitet i idrettslag og friluftsansjonar, tilskot til drift og vedlikehald av større ordinære idrettsanlegg i privat eige, tilskot til nærmiljø- og friluftslivsanlegg i privat eige, og tilskot til friluftslivstiltak.

Musikk omhandlar tre ordningar. Tilskot til drift av skulekorps og barnekor, tilskot til drift av kor, vaksenkorps og andre musikklag, og tilskot til deltaking i nasjonale og internasjonale konkurransar

Kunst, scene og kulturformidling omhandlar to ordningar. Tilskot til drift av kunst, scene og formidlingsaktivitetar, og tilskot til mindre investeringar ved lokale kulturbygg i privat eige.

Kulturvern og samlingar omhandlar to ordningar. Tilskot til meirkostnadar ved istandsetting av nyare tids kulturminne, og tilskot til prosjekt innan kulturvernarbeid og immateriell kultur.

Andre kulturaktivitetar omhandlar tilskot til drift til lag og organisasjonar som ikkje fell inn under dei andre ordningane

Stipend og kulturprosjekt omhandlar målretta kultur- og idrettsstipend. Førstnemnde vil ha som overordna målsetjing å sikre overføring av kompetanse mellom lokale profesjonelle/delprofesjonelle og amatørkulturliv, og skape ny utvikling innanfor feltet. Idrettsstipenda skal bidra til at unge idrettsutøvarar kan få støtte i kostnadskrevjande satsingsperiodar. Ordninga er ei utviding av eksisterande stipend i dagens kommunar som har vore, med gode resultat for lokalt kultur- og idrettsliv. *Kulturprosjekt* omhandlar tilskot til lokale kultur, musikk-, kunst og sceneprosjekt